

Ingrediensane i Helsekjelda sin magnesiumkrem er naturlege og basert på planteoljer. Stjernemerka ingrediensar er i tillegg økologiske.

Magnesiumkremen er utvikla og produsert i Noreg i samråd med lækjar.

Ingrediensliste:

Aqua	= vatn. Vatnet er sterilisert med UV-lys.
Sodium stearoyl lactylate	= naturleg emulgator, framstilt av mjølkesyre og feittsyrer frå rapsolje.
Magnesiumsulfat	= mineral utvunne frå gruver. Tilfører kroppen magnesium og sulfat.
Glycerin*	= naturleg del av feitt, uttrekt frå økologisk kokosolje. Verkar til å oppretthalda fuktbalansen i huda.
<i>Carthamus tinctorius</i> seed oil*	= økologisk, kaldpressa saflortistelolje. Saflortistelolja er rik på essensielle feittsyrer som kroppen ikkje produserer sjølv. Ho er ei lett olje som trekkjer hurtig inn i huda, og vert brukt i kremen for å balansera oljeblandinga.
<i>Olea europaea</i> fruit oil*	= økologisk, kaldpressa olivenolje. Olivenolje vert mykje brukt til hudpleie, og vert rekna for å vera ei spesiell olje, rik på vitamin og polyfenoler (antioksidantar).
Glyceryl stearate	= naturleg emulgator, frå beredyktig palmekjerneolje.
Cetearyl alcohol	= naturleg stabilisator, frå kokosolje og palmekjerneolje.
<i>Simmondsia chinensis</i> seed oil*	= økologisk, kaldpressa jojobaolje. Jojobaolje liknar mykje vårt eige hudfeitt, vernar huda og tilfører fukt og verdifulle vitamin.
Tocopherol	= naturleg E-vitaminolje, utvunne frå GMO-fri soya. Vert brukt i kremen som antioksidant, og forlenger haldbarheita til planteoljene.
Sodium levulinate	= levulinsyre, naturleg, vegetabilsk. Verkar mjukgjerande på huda.
Glycine soja oil	= soyaolje
Polyglyceryl-6 Behenate	= vegetabilsk emulgator
Polyglyceryl-6 Stearate	= vegetabilsk emulgator
Potassium sorbate	= kaliumsorbit. Konserveringsmiddel